



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for areal, plan og miljø
Møtedato:	12.11.2025
Møtetid:	09:00 - -12:15
Møtestad:	Frekhaug - Kommunehus, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ståle Juvik Hauge	leiar	AP	
Olav Steinar Namtvedt	nestleiar	SP	
Nina Stabell Øvreås	medlem	FRP	
Wilfred Berthelsen	medlem	VIP	
Leif Johnsen	medlem	MDG	
Henning Fyllingsnes	medlem	H	
Olav Myhr	medlem	KRF	
Tore Helland	medlem	FRP	
Yngve Walaker	medlem	FRP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Liv Hopland Van der Kooij	MEDL	SP
Kenneth Taule Murberg	MEDL	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Torgeir Andvik	varamedlem	SP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Siril Therese Sylta

Tenesteleiar

Eirik Sætre

Avdelingsleiar

Kristin Nåmdal

Tenesteleiar

Inge Andre Johannessen

Rådgjevar

Merethe Tvedt

Rådgjevar

Marita Kvalheim

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 117/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 118/25	Godkjenning av møteprotokoll APM 16.09.25	
PS 119/25	Godkjenning av møteprotokoll APM 15.10.25	
PS 120/25	Delegerte vedtak APM 12.11.25	
PS 121/25	Søknad om dispensasjon frå arealføremåla campingplass og gjestehus/servering i reguleringsplan for bruksendring av bygningar til asylmottak - gbnr 428/80 Marøyvegen 100	
PS 122/25	Klage på løyve til oppføring av tomannsbustad - gbnr. 172/220 - Seimsstranda 12	
PS 123/25	Klage i plansak - detaljregulering for Børøy, Lygra - gbnr. 58/15 mfl. - plan- ID 46312021008	
PS 124/25	Klage på avslag på søknad om deling av landbrukseigedom etter jordlova § 12 - - gbnr. 355/1 - Paradisvegen 9	
PS 125/25	Klage på avslag søknad om dispensasjon frå LNFR og søknad om oppføring av bygnad - gbnr 6/1 - Austfjordvegen 101	
PS 126/25	Reguleringsplan for Tonesmarka gbnr. 322/4 m.fl. PlanID. 125620180005 - 2. gongshandsaming	
PS 127/25	Tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget	

PS 117/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Endring av sakliste:

PS 124/25 vert teke etter PS 121/25, PS 122/25 - 123/25 - 125/25 - 126/25 - 127/25

Ellers ingen merknadar.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Innkalling og sakliste er godkjent med endringar.

PS 118/25 Godkjenning av møteprotokoll APM 16.09.25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Ingen merknadar.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Møterprotokollen er godkjent.

PS 119/25 Godkjenning av møteprotokoll APM 15.10.25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Framlegg frå Olav Steinar Namtvedt:

Til protokoll 15.10.25 - I sak PS 113/24 er namnet feil - det må rettast frå Namdal til Namtvedt.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Møteprotokollen er godkjent med merknader.

PS 120/25 Delegerede vedtak APM 12.11.25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Ingen merknad.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Delegerede vedtak er teke til orientering.

PS 121/25 Søknad om dispensasjon frå arealføremåla campingplass og gjestehus/servering i reguleringsplan for bruksendring av bygningar til asylmottak - gbnr 428/80 Marøyvegen 100

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Utvalet var på synfaring før møtet.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Det vert gjeve mellombels dispensasjon frå arealføremåla campingplass og gjestehus/serveringsstad for bruksendring av bygg med adresse Marøyvegen 90, 92, 94, 100, 102, 104 og 106 til asylmottak. Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1.Dispensasjon vert gjeve for ein tidsperiode på 2 år frå dagens dato og fram til 12.11.2027.
- 2.Det vert dokumentert tilstrekkeleg brannvassdekning for heile anlegget, både asylmottak og campingplass, før det vert gjeve rammeløyve.
- 3.Eksisterande avløpsanlegg må oppgraderast til eit anlegg som er i samsvar med dagens krav til godkjend utslepp. Anlegget må vera tilstrekkeleg dimensjonert for den totale slammengda på Radøytunet, dvs. både for asylmottak og campingplass. Utsleppsløyve skal liggja føre før det vert gjeve løyve.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 19-3 og § 12-4 og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for klagevurdering.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

PS 122/25 Klage på løyve til oppføring av tomannsbustad - gbnr. 172/220 - Seimsstranda 12

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Klagen i frå nabo, på vedtak om løyve til oppføring av ny tomannsbustad, datert 21.08.2025, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune gjev løyve til oppføring av tomannsbustad på eigedom gbnr 172/220.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1.Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 11.06.2025, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- 2.Eigedomen skal koplast til kommunalt vass- og avløpsanlegg.
- 3.Eigedomen får tilkomst til offentleg veg via privat veg. Avkøyrsla til eigedomen skal utformast i tråd med § 4.1.1 i føreseгна til reguleringsplanen.

Løyve vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

- 1.Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
- 2.Relevante rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal vera oppfylt.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 123/25 Klage i plansak - detaljregulering for Børøy, Lygra - gbnr. 58/15 mfl. - plan- ID 46312021008

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Klage i frå grunneigar Atle Lid ved gbnr. 4631-58/135, på kommunestyret sitt vedtak 19.06.2025 i sak 2023/10596, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Børøy gbnr. 58/15 mfl., PlanID 46312021008, som vist på plankart sist datert 14.05.2025 og med føresegn av revisjonsdato 14.05.2025 med følgjande endringar:

1. Føresegn 3.2.2 supplerast med kulepunkt:

oTrappeforbindelsane i felt GG skal ha god intern samanheng både i utforming og materialbruk, og tilpassast forventta ferdsel.

2. Illustrasjonsplan må oppdaterast slik at den viser maks utnytting av tomtearealet, dvs. hytter med grunnflate = 150 m².

Endringane skal oppdaterast i samsvar med kommunestyrets vedtak før kunngjering av reguleringsplan. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas §§ 12–12, jf. 12-11.»

PS 124/25 Klage på avslag på søknad om deling av landbrukseigedom etter jordlova § 12 - - gbnr. 355/1 - Paradisvegen 9

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Klagen i frå tiltakshavar, på avslag på søknad om deling av landbrukseigedom datert 01.09.2025, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«I medhald av jordlova § 12, jf. § 1 avslår Alver kommune søknad om å dele i frå eksisterande bustad på gnr. 355, bnr. 1 Skjelanger i Alver kommune.

Grunngjeving for avslaget går fram av saksutgreiinga.»

PS 125/25 Klage på avslag søknad om dispensasjon frå LNFR og søknad om oppføring av bygnad - gbnr 6/1 - Austfjordvegen 101

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Felles protokolltilførsel frå utvalet:

APM er positiv til byggingar som skal bidra til å oppretthalda landbrukseigedomar i drift.

Byggingar som stølar og sætrar i utmark bør vera i same stil og kultur som andre stølar i området. Det er òg eit føremon å setja oppatt stølar på gamle tuftar der det let seg gjera.

Samrøystes.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Klagen i frå tiltakshavar, på avslag på dispensasjon datert 08.09.2025, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå LNFR- føremål for oppføring av omsøkt bygnad, på gbnr 6/1, i omr. «Seterbotn». Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune avslår søknad om løyve til oppføring av bygnad slik det vert søkt om. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 11-6 og 29-2.

Grunngjeving går fram av vurderinga i denne saka.»

PS 126/25 Reguleringsplan for Tonesmarka gbnr. 322/4 m.fl. PlanID. 125620180005 - 2. gongshandsaming

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Tonesmarka gnr. 322 bnr. 4 mfl. Planid. 4631_125620180005, som vist på plankart sist datert 29.10.2025 og med føresegner av revisjonsdato 30.10.2025.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12».

PS 127/25 Tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 12.11.2025:

Utval for areal, plan og miljø godkjenner Tiltaksplanen for Mjåtveitvassdraget.